

Rekneskaps-samandrag for Vinje Løypelag 2020.

Inntekter		Utgifter	
Kontingent	38754,00	Diesel	55546,50
Støtte frå privatpersonar	27566,28	Rep og vedlikehald	91960,00
Norsk Tipping	45066,22	Graving trase	55647,50
Vinje Kommune	120000,00	Domenekostnad	1188,00
Sparebanken DIN	10000,00	Møte og anna	730,00
Momskompensasjon	29005,00	Forsikring	2859,00
Renteinntekter	34,53	Rentekostnad	
		Overskot	62495,03
	270426,03		270426,03

Resultatet for 2020 er eit overskot på kr 62.495,03.

Det er køyrt i alt 248 timer på teljeverket i løypemaskina og 40 timer med skuter. Det har vore om lag 50 timer med reperasjon og vedlikehald av reiskap. Rydding i ny og gamle løypetrasear er vanskeleg å setje timer på, men det er minst 150 timer.

Løypekøyring, brøyting og anna manuelt arbeid er alt saman gjort på dugnad.

Løype til hyttene på Gravastøyl og Kostveit Hyttegrend blir køyrd når det er nok sno. Det er att ein del rydding og graving om ein skal køyre på mindre sno.

Kvart år må det ryddast for nytt lauvkratt og tre som bøyer seg inn i løypa av tung sno. Litt endring av trase og graving for å leie våtsig på rett stad bli òg gjort kvart år.

Tor Eivind Erikstein sin garasje er til stor nytte for oss. Til sommarlager og det er enklare å halde maskina i stand.

Me set stor pris på alle lovord me får om løypene og vonar de framleis vil stø opp om laget slik de har gjort til no.

Me takkar alle grunneigarane for den velvilje dei møter oss med.

Vi må utsetje Årsmøtet til seinare i vår, det er restriksjonar på grunn av pandemien. Det skulle vore halde seinast i mars, men vi sender ut innkalling på egna medium.

Styret